

## **Høyringsbrev – ordensreglar for grunnskulane i Voss Herad.**

Til

Samarbeidsutvala i grunnskulane i Voss kommune og Granvin herad

Kommunalavdeling Helse og omsorg, Tekniske tenester, Kultur og fritid og Oppvekst i Voss kommune  
Administrasjonen i Granvin Herad.

Utdanningsforbundet i Voss kommune og Granvin herad

Fagforbundet i Voss kommune og i Granvin herad

Delta

Skuleleiarforbundet

### **Bakgrunn for høyringa:**

I samband med kommunesamanslåing av Voss og Granvin er det utarbeida Forskrift om nye ordensreglar for skulane i Voss herad. Undergruppa for skule har utarbeidd framlegg til ny forskrift. Undergruppa består av representantar frå skulane i Voss kommune og Granvin herad, samt leiar for grunnskule i Voss kommune.

Framlegg til forskrift om ordensreglar vart lagt fram for Fellesnemnda 26. februar og vedtatt sendt på høyring.

Nye vedtekter skal gjelda frå 1.8.2019. Etter høyringa blir saka igjen lagt til politisk behandling for fellesnemnda.

Krav om at alle skular skal ha ordensreglar er heimla i Opplæringslova § 9A- 10. Ordensreglane er laga i samsvar med rundskriv Udir- 08-204 med siste endringar frå 31.07.2017.

**Høyringsfrist er 15. april 2019**